

Notat**Husleige / Fellekostnader i interkommunale samarbeid i Hallingdal.**

Dette notatet kan vera eit diskusjonsgrunnlag for vurdering av fordeling av utgifter til husleige og drift i interkommunale samarbeid.

Oversikt over ulike samarbeidsformer per i dag og korleis utgiftene blir fordelt.

Teneste	Organisasjonsform	Fordeling husleige	Fordeling andre kostnader	Fordelingsnøkkel
Reionrådet Ål	Interkommunalt samarbeid	Husleige vert fordelt på kommunane.	Alle kostnader blir fordelt	Regionrådsnøkkel 30/70
Hallingdal krisesenter Gol	Ei stifting	Fordeler husleige på kommunane	Alle kostnader blir fordelt	Fordelt etter folketal
Hallingdal etablerersenter Gol		Husleige blir fordelt kommunane.	Alle kostnadene blir fordelt. Gol utfører adm. tenester utan fordeling.	Regionrådsnøkkel
Miljøretta helsevern Gol	Vertskommune-samarbeid	Husleige blir fordelt alle kommunane.	Inkludert i husleige	Regionrådsnøkkel
Kommunerevisjon Gol	IKS	Husleige blir fordelt på alle kommunane og fylkeskommunen	Alle kostnader blir fordelt	Regionrådsnøkkel
Hallingdal innkrevingskontor Gol	IKS	Gol kommune fakturerer ikkje husleige.	Reinhald og vaktmeister fordelt på kommunane med kr 100 000.	Ulike fordelingsnøklar på ulike kostnader

Hallingdal barnevern Ål	Vertskommune- samarbeid	Ål kommune fakturerer deler av husleige- kostnadene.	Ål kommune fakturerer deler av «andre utgifter». Ål utfører administrative tenester utan fordeling.	Regionrådsnøkkel + skjønn
IKT Hallingdal Gol	«Virtuell organisasjon», skal omorganiserast.	Gol kommune fakturerer ikkje husleige	Gol kommune fakturerer ikkje felles kostnader	
Legevaktsentral Ål	Samarbeid mellom Hallingdals- kommunane og VVHF	Husleige blir fordelt på ulike funksjonar	Fordelt på ulike funksjonar	For fellestiltak alle kommunane: regionrådsnøkkel

I tillegg til dette er det mange samarbeidstiltak mellom kommunane der to eller fleire kommunar er med.

Målsettinga med eit samarbeidstiltak er å etablera ein meir robust, kostnadseffektiv og fagleg kompetent organisasjon. Kommunane har etablert mange ulike samarbeidsformer, alt etter type tiltak og kva som har synast hensiktsmessig ved etableringa.

1. Aktuelle modellar for interkommunalt samarbeid om ikkje-lovpålagde oppgåver:
 - Aksjeselskap etter aksjelova
 - Interkommunalt selskap (IKS) etter lov om interkommunale selskap
 - Interkommunalt samarbeid med eige styre etter kommunelova § 27.
2. Samarbeid om lovpålagde oppgåver:
 - Vertskommunesamarbeid etter kommunelova § 28
 - Samkommune

Regionrådet i Hallingdal har hatt diskusjon på eigen organisering, og har vedteke ei samarbeidsform som ikkje er forankra i lovverket, men byggjer på omforente vedtekter.

I det fylgjande er det IKS og Vertskommunesamarbeid som blir drøfta.

Prinsipp for lokalisering av samarbeidstenester.

- Eit samarbeidstiltak der brukarar av tenestene kan / skal møta opp og der tilsette skal arbeida rundt i dei ulike kommunane, bør lokaliserast sentralt i regionen.
- Eit samarbeidstiltak bør lokaliserast nær annan relevant kompetanse.
- Eit samarbeidstiltak der tenestene i alt vesentleg blir utført elektronisk, kan lokaliserast i alle kommunane.
- Dersom lokalisering kan vera aktuelt i fleire kommunar, vil dei økonomiske føresetnadene vera førande. Dersom det elles ligg til rette for det, bør vertskommunen dekkja utgifter til huslege i interkommunale tiltak.

Som oversikta viser, er det ulik praktisering når det gjeld fordeling av husleigeutgifter og andre driftsutgifter i dei ulike samarbeidstiltaka, dette kanskje fordi føresetnadene og kostnadene er svært ulike. Dei fleste kommunane ynskjer å bli vertskommune for eit interkommunalt samarbeidstiltak. Det gir fordelar som nærheit til tenesta, ein kan håpa på at det gir vekst i folketalet og ofte får kommunen auka spesialistkompetanse. Hallingdal er ein felles bu- og arbeidsregion, vi ser stadig oftare at arbeidstakarar pendlar mellom kommunane. For folketalstilveksten er det difor viktigare med etablering i Hallingdal enn kor i dalen eit tiltak blir lokalisert.

Det er naturleg at vertskommunen må ta ein noko større del av kostnader og arbeid enn dei samarbeidande kommunane. Likevel kan det ikkje vera slik at ein kommune ikkje kan ta på seg ein vertskommunerolle av økonomiske omsyn. Det kan verka hemmande på det interkommunale samarbeidet.

Det å starta opp eit interkommunalt tiltak, kan vera ei stor utfordring for ein vertskommune. Kontorlokale skal tilretteleggjast, det skal tilsetjast og rutinar for drift skal på plass. Det krev tett oppfølging både administrativt og ressursmessig. Vertskommunen tek kostnad og arbeid med føring av rekneskap, personaladministrasjon, leiarutvikling og tek elles ansvar for ulike administrative spørsmål som kan dukka opp.

Driftskostnader blir fordelt etter regionrådsnøkkelen eller etter annan fordeling når det blir forankra i avtale. Kva som skal inngå i driftsutgiftene må drøftast i kvart tilfelle og vera

klargjort **før** ei etablering. Det må også vera klare og eintydige avtalar for fordeling av utgifter **før** ei etablering.

Som tabellen under viser, er det fordeler og ulemper knytt til fordeling av driftsutgifter i interkommunale samarbeid, spesielt har dette vore aktuelt for til utgifter knytt til husleige.

Tiltak	Fordeler	Ulemper
Vertskommunen krev ikkje refusjon for ma husleigeutgifter.	<ul style="list-style-type: none"> • Mindre utgifter på 5 av kommunane. • Eit samarbeidstiltak blir lokalisert der det er tilgjengelege og rimelege lokale. • Vertskommunen må «betala» for dei fordelane det er å vera vertskommune. • Avgrensar/demper kampen om å få lokalisert interkommunalt samarbeid til eigen kommune. 	<ul style="list-style-type: none"> • Kan bli svært dyrt for vertskommunen. • Kommunane kan vegra seg for å ta på seg vertskommuneoppdrag av økonomiske årsaker. • Faglege vurderingar om lokalisering av eit tiltak blir mindre vektlagt. • Det vil gje eit feil bilete av dei reelle kostnadene i eit fellestiltak.
Vertskommunen krev refusjon for ma husleigeutgifter.	<ul style="list-style-type: none"> • Tiltaket blir plassert der det etter faglege vurderingar bør liggja. • Utgiftene blir fordelt på alle partar i samarbeidet. • Rekneskapen vil gje eit rett bilete over kva tiltaket kostar. 	<ul style="list-style-type: none"> • Kan føra til dyr etablering i ein kommune som dei samarbeidande kommunane må betala for. • Samarbeidet vil, alt anna likt, gje ein kostnadsauke på grunn av kontorkostnader. Dette kan avgrensa interkommunalt samarbeid.

INTERKOMMUNALT SAMARBEID, HUSLEIGE

I samband med drøfting fordeling husleige ved interkommunalt samarbeid bør det og takast omsyn til utgangspunktet for noko av dagens ordning. Hallingtinget handsama i sak funksjonfordeling.

Her vart det lagt til grunn to hovudprinsipp:

- Gol som hovudprinsipp vertskommune for nye statlege og fylkeskommunale tiltak
- Funksjonfordeling av interkommunale tiltak

Utgangspunktet for at statlege og fylkeskommunale nye tiltak i prinsippet skulle lokaliserast til Gol var tre-delt:

- Gol som knutepunkt i Hallingdal
- Ynskje om å skapa ro og forutsigbarheit ved lokalisering
- Vera best mogeleg budd og ha ei felles regional kraft, ved eventuell desentralisering av statlege arbeidsplassar.

Når dette prinsippet vart vedteke og akseptert av dei andre 5 kommunane var det og ein føresetnad at interkommunale tiltak som kommunane sjølve vart samde om, skulle ha ei funksjonsfordeling mellom kommunane, i høve til lokalisering. At vertkommune skulle betala husleiga var ikkje ein føresetnad.

Dei to hovudprinsippa må sjåast på som ei samla pakke. I diskusjonen om fordeling av kontorkostnadar ved interkommunalt samarbeid meiner eg dette forholdet må takast med. Dersom det hadde vorte teke inn som eit prinsipp at vertkommune skulle betala kotorkostnadane, i samband med Hallingtinget si handsaming, har eg liten tru på at alle kommunane hadde akseptert Gol som vertkommune for alle nye statlege og fylkeskommunale tiltak. Statlege og fylkeskommunale tiltak betalar sjølv kontorkostnadar/husleige.

Eg trur det er rett å ta omsyn til desse forholda, samstundes vill eg peike på at frivillig interkommunalt samarbeid, slik som me har i Hallingdal, er heilt avhengig ein god porsjon rausheit. Dette har vore eit fortrinn for Hallingdal i forhold til mange tilsvarande regionar, noko eg håpar vil vera ei styrke, også i framtida.

Beste helsing
Knut Arne
(over Grønland)